

Referat frå møte i FAU

11.12.17

19.30 – 20.10

På personalrommet til Vinjar skule

Møte innkalla av:	Maria Klungtveit		
Møteleiar:	Maria Klungtveit	Skrivar:	Marit Eikeland
Møtedeltakarar:	Marianne Kristiansen, Maria Klungtveit, Sverre Vik, Marit Eikeland, Ragnhild Sagsveen, Lars Fisketjøn, Ragnhild Sukka, Randi Steine og Arne S. Mehus		
	Meldt forfall: Gunn Kristin Stråpa, Lise Renate Tistel, Siv Svennes og Åsta Hedvik Bråtveit,		

Sak 10 2017/2018 5 dagars skuleveke

- Det har vore lite tilbakemeldingar frå foreldre.
- 48 heimar har levert stemmeseddel. Me har ikkje nøyaktig tal på kor mange ulike heimar som har blitt spurt, men anslår at valdeltakinga har vore ganske høg.
- 9 av stemmene kom frå skulekameratane/barnehagen. Der stemte 1 mot og 8 for 5 dagars skuleveke.
- Totalt var det 14 mot og 34 for 5 dagars skuleveke
- FAU ser på dette som eit klart fleirtal og vil stemme for 5 dagars skuleveke på SU-møtet i morgon.
- FAU har no gitt alle foreldre mulighet til stemme/kome med innspel. Me håper difor at alle godtek stemmeresultatet og at me kan vera ei samla og positiv foreldregruppe for nye forandringar på skulen.

- Etter FAU-møtet blei det oppdaga at ikkje alle stemmesetlane var levert frå skulen. Det korrekte talet skal vera totalt 60 heimar fordelt med 19 mot (32%) og 41 for (68%) 5 dagars skule. Dette er likevel eit klart fleirtal som stemmer for, så det endrar ikkje konklusjonen frå møtet.

Sak 11 2017/2018 Ymse

- Neste møte blir måndag 5. februar kl. 19.30

11. desember 2017
Marit Eikeland
skrivar